



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 05.12.2019: Jordbruket i Agder og Rogaland i 2018

## **Jærbonden tente i gjennomsnitt mindre enn bønder i resten av Rogaland og Agder i 2018**

**Jordbruksinntekta til bøndene på Jæren låg i gjennomsnitt på 270 200 kroner per årsverk i 2018. Det er ni prosent lågare enn jordbruksinntekta til bøndene i resten av Rogaland og Agder, som låg på 297 900 kroner i 2018.**

For andre år på rad gjekk jordbruksinntekta ned på Jæren, med 27 prosent frå 2017 til 2018. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta opp med 10 prosent.

### **Nedgang for mjølkebøndene**

To vanskelege fôrår grunna mykje nedbør i 2017 og tørke i 2018 påverkar resultatet til mjølkebøndene. Mjølkebøndene på Jæren fekk redusert inntekta si for andre år på rad, og nedgangen var på 20 prosent i 2018. I gjennomsnitt var jordbruksinntekta på 264 700 kroner per årsverk. For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren gjekk jordbruksinntekta ned med 7 prosent, til 307 400 kroner per årsverk. Begge områda hadde avlingssvikt og auka kostnader til fôr i 2018. I Agder og Rogaland andre bygder vart noko av inntektsfallet motverka av auka produksjonsvolum, og noko høgare gjennomsnittleg erstatning for avlingssvikt ettersom langvarig tørke råka hardare der.

### **Andre produksjonar**

Jordbruksinntekta til sauebøndene i Agder og Rogaland utanom Jæren vart 172 700 kroner i 2018. Det er ei dobling frå 2017, men inntekta er framleis låg. Også bruka med kombinert sauehald og mjølkeproduksjon oppnådde høgare jordbruksinntekt frå 2017 til 2018. Auken var på 33 prosent, til 334 100 kroner per årsverk i 2018.

Bruka med kombinert mjølkeproduksjon og svinhald på Jæren hadde fall i jordbruksinntekta på 44 prosent til 335 000 kroner per årsverk. Mindre omsett kjøt frå svin og storfe, prisfall på slaktegris og smågris saman med høgare kostnader til kjøp av grovfôr, har ført til fall i jordbruksinntekta.

### **Investeringsnivået ned, gjelda opp**

Nettoinvesteringane har lenge vore høge på Jæren. Trass i investeringsnedgang på 38 prosent i 2018, er dei framleis høge, med 145 900 kroner per gardbrukar. For resten av Rogaland og Agder fall nettoinvesteringane med 75 prosent, til 55 800 kroner i 2018. Samla gjeld gjekk opp i begge område, til 5,8 mill. kroner på Jæren og til 4,2 mill. kroner i resten av Rogaland og Agder, med høvesvis 4 og 2 prosent.

**Driftsgranskingane i jord- og skogbruk** er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2018 var det med 916 bruk, der 157 var frå Agder og Rogaland. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

### **Kontaktpersonar ved NIBIO**

**Signe Kårstad**

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 997 60 083

E-post: [signe.kaarstad@nibio.no](mailto:signe.kaarstad@nibio.no)

**Marius Berger**

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 941 49 336

E-post: [marius.berger@nibio.no](mailto:marius.berger@nibio.no)